MØTEBOK

Kommune	Styre, råd, utval	Møtestad	Møtedato	Frå kl. 19.00 Til kl. 20.30
Aurland	fjellstyret	Fjordsenteret	24.4.18	

TIL STADES PÅ MØTET

Medlemar	Erling Nesbø, John Håland, May Britt Martinsen, Reidun Bøe Bjørgum, Bjørn Ebne.
Vara-medlemar	
Andre	Aron Freyr Gudmundsson, Harald Skjerdal.

HANDSAMA SAKER

Sak nr./år	
	11/18, 12/18, 13/18, 14/18, 15/18..

UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.

UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til	
	Fjellstyremedlemane og -varamedlemane, Aurland folkebibliotek.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre Møtedato: 24.4.18 Stad: Fjordsenteret

Sak 11/18. Referat og meldingar

Følgjande meldingar vart refererte:

1) Møtebok fjellstyremøte 20. mars
2) E-post frå Statskog SF 23.3.18: Utbetaling av CWD-kompensasjon til fjellstyre i Nordfjella med tapte inntekter frå reinsjakt.
   Merknad: kr. 76.578 er motteke frå Statskog SF.
3) E-post frå Christian Hillmann 9.4.18: Invitasjon til villreinrådets fagdag 7.-8. juni
   Merknad: Fleire av fjellstyremedlemane vil melda seg på – Harald ordnar påmelding.
4) E-post frå Norges fjellstyresamband 14.4.18: Påmelding til landsmøte 14.-15. juni
   Merknad: To frå oppsynet pluss ev. ein frå styret vert påmeld.
5) Brev frå Eika Forsikring 10.4.18: Erstatningstilbod for VW Caddy
   Merknad: Etter at eigenandel er trekt vert erstatninga på kr. 55.000.
6) E-postar frå Felles Landbrukskontor ÅLA 13.4.18 og 20.4.18, til alle med skuterløyve i Vestfjelli med utg.punkt fv. 50. Gjeld reinsflokkar i aktuelt område for køyring.
7) Møte med rep. frå Stemmerdalen Sankelag den 11.4.18, om salteplassar, gjetarordning m.m. **Merknad: Harald orienterte om saker som vart drøfta på møtet. Sankelaget er m.a. informert om at Aron F. Gudmundsson vert gjetar i Stemmerdalen til sommaren.**
8) E-post frå verneområdeforvaltaren for Nærøyfjordområdet den 24.4.18: Løyve til vedhogst ved hytta i Brendeli.
9) Dato for neste fjellstyremøte: 22. mai.

Aurland, den 26.4.18

Utskrift til: Fjellstyremedlemane og -varamedlemane, Aurland folkebibliotek

MØTEBOK

Aurland fjellstyre Møtedato: 24.4.18 Stad: Fjordsenteret

Sak 12/18. Uttale til Statskog SF om plassering av ny bru ved Kongshellerhytta

Saksutgreiing låg føre.

Samrøystes vedtak:
Fjellstyret har ingen merknader til at DNT Oslo og omegn får løyve til å byggja ny bru ved Kongshellerhytta som erstatning for eksisterande bru. Fjellstyret meiner primært at den nye brua bør byggjast på staden der brua ligg i dag. Dersom dette vert vanskeleg av tekniske grunnar med ny bruløysing, kan fjellstyret akseptera at ny bru vert bygd lenger nede mot Kongshellervatnet, slik det vert skissert i søknaden.

Sak 13/18. Prisar på felligsløyva for rein

Saksutgreiing låg føre.

Handsaming i møtet:
Fjellstyret tek sikte på å gjera ei ny vurdering av prisane for reinskorta i 2019.

Samrøystes vedtak:
Fjellstyret fastset følgjande prisar for fellingsløyva for rein i Aurland statsallmenning:

- Fritt dyr 1700,-
- Simle/ungdyr 1200,-
- Kalv: 700,-

For utanbygdsbuande jegerar vert prisen sett til det dobbelte av dette. Bladet "Villreinen" vert delt ut til alle som kjøper fellingsløyve. Jegerane vert ikkje belasta med fellingsavgift - denne vert dekt av fjellstyret.

Aurland, den 26.4.18 Utskrift til: Fjellstyremedlemane og -varamedlemane, Aurland folkebibliotek

MØTEBOK

Aurland fjellstyre Møtedato: 24.4.18 Stad: Fjordsenteret

Sak 14/18. Prisar på jaktkort for småvilt

Saksutgreiing låg føre.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret fastset følgjande prisar for småviltjakta i Aurland statsallmenning:

	Innanb.buande	*Utanb.buande*
1 dag:	90,-	180,-
2 dagar:	160,-	320,-
3 dagar:	220,	440-
1 veke:	350,-	700,-
Sesong:	500,-	1000,-

Pris på årskort for jakt på smårovvilt vert kr. 100 (kr. 50 for innanbygdsbuande).

Sak 15/18. Samjaktavtale for reinsjakta 2018

Saksutgreiing låg føre

Samrøystes vedtak:
Fjellstyret inngår samjaktavtale for Aurland statsallmenning sone 2 med allmenningane i nabokommunane Hol og Ulvik, samt med dei private felt som ynkjer å slutta seg til. Fjellstyret legg inn som vilkår at samjakta gjeld to periodar i september; 4.-6.9. og 11.-13.9. Fjellstyreleiaren får fullmakt til å godta endeleg avtale etter drøftingar med dei andre avtalepartane.

Aurland, den 26.4.18 Utskrift til: Fjellstyremedlemane og -varamedlemane, Aurland folkebibliotek